

373

1404/1953.

26. november 1953.

0076

Pensjonskassa til Staten.

Kassering av arkivsaker i Pensjonskassa.

Til svar på brev 19. d. m. skal ein seia frå at Riksarkivet for tida ikkje har plass til å ta imot arkivsaker frå Pensjonskassa.

Meldingane ("innberetningene") held ein for å vera ei unanleg verdfull samling av tilfang til norsk personal- og administrasjonshistorie. Dei må ikkje øydeleggjast.

Ein lyt såleis rå til at kassasjonsplanen vert bortlagd, og bed om å få vita om Pensjonskassa kan gå med på å ta vare på sakene framleies.

Elles vil ein nemna at etter gjeldande praksis må embetsmann og sentraladministrative institusjonar ikkje kassera noko av arkivet sitt utan at vedkomande departement har samtykt.

Dei meldingane ein fekk til gjennomsyn, fylgjer hermed attende.

A. St.

---

H.R.